

Minneord om Sverre Moen



Sverre Moen døde 31. juli 1987, 66 år gammal. Han vaks opp på garden Moen i Fræna, og som bondegut vart han tidleg vant med bondeyrket. Yrkesutdanninga hans vart også knytt til bygdenæreringane. Etter landbruks-skulen tok han eksamen ved Statens Småbrukslærarskule i 1950. I tida 1957-54 var han heradsagronom – først i Sandstad i Sør-Trøndelag og seinare i Fræna i Møre og Romsdal.

I 1954 vart Moen distriktskonsulent i Selskapet Ny Jord – ei stilling han hadde i 20 år.

Den tida Moen var distriktskonsulent var ei rik utviklingstid i landbruket. Det var stor aktivitet med nydyrkning og reising av nye bruk. Nye maskinar og dyrkingsmåtar vart tatt i bruk. Sverre Moen var dyktig og iderik og gjorde mykje for å få nydyrkning og bureising inn på rett spor. Han var alltid open for å ta opp nye oppgaver. Han var såleis aktiv i arbeidd med å få fart i leplanting i kyststroka.

Bondene hadde stor tillit til Sverre

Moen. Når han tok på seg å løyse ei sak – anten det var kjøp av areal til bureisingsformål eller sal av bureisingsbruk – var ein alltid trygg på at saka vart løyst på ein god måte.

Sverre Moen hadde heile Møre og Romsdal som arbeidsfelt. Det var stor aktivitet i fylket i dei åra Moen var distriktskonsulent og det var mange store oppgaver som vart lagt på Sverre Moen. Han slutta i «Ny Jord» i 1974.

I åra 1974-77 var Moen konsulent ved Utbyggingsavdelinga i Møre og Romsdal. Han tok i 1977 over stillinga som administrerande direktør for Nordmøre og Romsdal Felleskjøp. Denne stillinga hadde han til 2. desember 1985 då han slutta. Det var helsa som svikta. Sverre Moen sette store og varige merke etter seg i organisasjonen Nordmøre og Romsdal Felleskjøp. Dei 8 åra Moen var administrerande direktør var ei rik utbyggingstid i organisasjonen. Fleire av Felleskjøpet sine anlegg vart nybygde og utvida. Med stor dugleik og interesse gjennomførde Moen desse omfattande utbyggingane på ein framifrå god måte. Moen spela ein sentral rolle i arbeidet med å realisera storprosjektet I/S Møre og Romsdal Kornsilo i Vestnes. Dette er eit tiltak som vil få mykje å seie for landbruksnæringa i fylket.

Sverre Moen hadde også sterke samfunnsinteresser. I åra 1958-75 var han med i kommunestyringa, og han var den første ordførar i den nye storkommunen Fræna frå 1964. Det var vanskelege og store oppgaver som vart lagt på Sverre

Moen då den nye kommunen skulle organiseraast. Moen makta å få dei tidlegare kommunane til å arbeida saman på ein god måte slik at storkommunen Fræna idag er ei harmonisk administrativ eining.

Moen var medlem av Møre og Romsdal Fylkesting 1964-79. Han møtte på Stortinget som 1. vararepresentant i tida 1969-77, og tjenestegjorde i alt i ca. 2½ år. Han hadde også ei lang rad med tillitsverv politisk og jordbruksfagleg. Han deltok aktivt i kristeleg arbeid.

Sverre Moen var ein handlekraftig og framsynt person. Han var ein godviljens mann som hadde stor evne til å samarbeide med andre.

Det norske jord- og myrselskap, landbruksnæringa og samfunnet har mykje å takke Sverre Moen for. Han har sett varige merke etter seg både i landbruksnæringa og i samfunnet.

Fred med Sverre Moen sitt minne.

Ragnar Haarr